



Svein Rimestad har skreve julesong

Røysterett for alle, det Uskedal-baserte koret som nyleg fylte og markerte sine fyrste 25 år, har stadig nye prosjekt på gong. Den 15. desember skal det til dømes urframføre ein fersk julesong under den tradisjonelle konserten i kyrkja. Det er Svein Rimestad som har skreve teksten og dirigent Maria Malmsten melodien. Den heiter Snart er det morgon og dei som har høyrte han gjev høg karakter!

Under den faste torsdagsøvinga i kveld i Helgheim var ein plakat med STILLE LYDOPPTAK å finna på døra. Denne kvelden skal koret syngja inn 9 songar som kan verta til ein CD, seier dirigenten.

I fyrste omgang er det imidlertid tale om ein dokumentasjon for arkiv som kommunen sitt kulturkontor har støtta med 5 000 kroner. Opptaka omfattar komposisjonar av Maria Malmsten, nærare bestemt folketonar ho komponerte og arrangerte i fjor og som inngjekk i den store songsyklusen. Den heitte 'Grendastev, mytespinn og fjordtrallar.' og vart ein stor suksess.

Lydteknikar under innspelinga ikveld var Alvin Vestrheim frå Øystese, som faktisk har vore Maria sin elev! Dei skal fullføre opptaket saman i studio i Øystese.

Det var ellers grunn til å merka seg korets gode bemanning ikveld. Talet på songarar var i overkant av 30 og av dei var det 4 yngre. Rekrutteringa er med andre ord på rett veg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Lyddopptaket pågår i Helgheim ikveld